

## **Forslag til Regional planstrategi 2016 - 2020 - Utviklingsplan for Hordaland - høyring**

Forslag til Regional planstrategi 2016 - 2020 - Utviklingsplan for Hordaland er sendt ut på høyring med frist 15.september 2016. Vi føreslår at Skatt vest gir høyringsuttale.

### **Vurdering;**

Den regionale planstrategien 2016 – 2020 er utarbeida i medhald av plan- og bygningslova § 7-1. Det er eit krav at regional planstyresmakt skal minst ein gang i kvar valperiode utarbeide ein regional planstrategi.

*"Planstrategien skal redegjøre for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringer, vurdere langsiktige utviklingsmuligheter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og hvilke spørsmål som skal tas opp gjennom vidare regional planlegging." (plan- og bygningslova).*

Planstrategien skal omhandle alle delar av samfunnslivet. Strategien set den overordna kursen for Hordaland og gir klare prioriteringar for vidare felles satsingar. «Utviklingsplan for Hordaland» inneheld forslag til langsiktige mål for utviklinga i Hordaland og prioriterte hovudmål og strategiar for dei næraste åra. Den inneheld også forslag til kva regionale planar som skal utarbeidast, reviderast eller fortsatt gjelde i fire års perioden. Regional planstrategi er også ein felles plan for statlege organ og kommunar i fylket. Kommunar og statlege organ blir invitert til å delta i fylkeskommunens vidare plan- og oppfølgingsarbeid. Regional planstrategi skal endeleg vedtakast av fylkestinget i desember på bakgrunn av høyring av dette forslaget.

Når strategien er vedtatt skal fylkeskommunen, statlege organ og kommunar legge den regionale planstrategien til grunn for den vidare utviklinga av Hordalandssamfunnet.

Sjølv om det er mange tema i planstrategien som ikkje berører skatteetaten direkte, så er det viktig at Skatteetaten som ein viktig statleg premissleverandør ser korleis samfunnsutviklinga påverkar og vert påverka av skatteetaten. Vi blir invitert inn til å meine og delta i arbeidet med å utforme Regional planstrategi for dei ulike fylka. Like viktig er det at skatteetaten som eit statlege organ fremjar mål og strategiar som dreg i same retning innafor eige ansvarsområde.

Utviklingsplanen har som **Langsiktig mål:**

Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande

Vidare er det sett følgande **Hovudmål:** Hordaland skal ha:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Del 2 i planstrategien er hovudmål med strategiar, utviklingsretning og planbehov. Det er spesielt pkt 2.1 – Høg sysselsetting, 2.2 - Eit inkluderande samfunn og 2.4 - Samarbeid i ein sterk vestlandsregion som har berøringspunkt med skatteetaten. Det er og viktig at vi har godt

kjennskap til og deltek med innspel til ulike regionale temaplaner, som td Regional næringsplan.

Vi kan samanhalde Strategiane for Skatteetaten med Regional planstrategi for Hordaland. I Skatteetaten sine strategiar finn vi fleire tema som påverkar i den regionale utviklinga. Prioritere næringslivet, bekjempelse av svart økonomi, sikker ID – forvaltning og utenlandsforhold er alle viktige område som samfunnet rundt oss er heilt avhengig av at vi leverer på og lukkast med for å ha ei sunn og god framtidsutvikling.

**Næringslivet er avhengig av at vi;** har høg kvalitet, sikre og tilgjengelege tenester og med god kvalitet i data og register. For å sikre like konkuransvilkår for næringsdrivande, er det viktig at vi klarar å redusere arbeidslivskriminaliteten. Vi må legge til rette for ein god ID forvaltning. Det skal vere enkelt å gjere riktig og som samarbeidspart skal vi bidra med å utvikle regelverk, prosessar og IKT. Vi skal jobbe tett saman med andre offentlege etatar og næringslivet også på tvers av landegrensar (frå strategikartet).

Heile Vestlandet står oppe i krevande omstillingar som følge av bl.a endringar i oljerelaterte næringar. Samstundes har vi stor innvandring. Det er viktig at skatteetaten bidrar innan for eigne tenester for at omstilling og utvikling skal gå så bra som råd. Dette handlar mykje om oprasjonalisering og gjennomføring av dei temaene som er sett på strategikartet vårt.

Samfunnet vårt har ei stadig auka internasjonalisering. Skatt vest som sentral aktør knytt til utenlandsproblematikk innan skatt og avgift vil vere sentral her i åra framover. Arbeids- og flyktninginnvandring fordrar god ID-kontroll, språk- og kulturkompetanse, god rettleiing til nye innbyggjarar både som arbeidstakarar og næringsdrivande.

For at vi skal bidra til å gjennomføre den regionale planstrategien i Hordaland er det viktig at vi er utviklingsorienterte i høve til næringslivet. Ikkje minst er dette knytt til å delta på dei aktuelle arenane der det er behov for vår samhandling. Dette gjeld alt frå forskingssamarbeid, ulike næringslivsforum, nyetablerarar til ungdom og innvandrarar sin inntreden i samfunnet sine ulike register, skatt og avgiftsmessige forhold. Skatteetaten må stadig vere i utvikling. Utviklingsoppgåvene våre er uløyslege knytt til tenesteproduksjonen vår.

### **Skatt Vest gir følgande uttale til Regional planstrategi 2016 - 2020 - Utviklingsplan for Hordaland;**

Skatt vest støttar hovudlinene i den regionale planstrategien for Hordaland. Som ein viktig statleg tenesteleverandør vil vi bidra innan for eigne tenester for at omstilling og utvikling skal gå så bra som råd. Vi ønsker å vere ein aktiv samarbeidspart og utviklingsaktør innanfor samfunnet sine ulike behov knytt til register, skatt og avgiftsmessige forhold.